



Geilo 14 med arkitektheikna hus frå 1965 i sentrum vert seld. Ulvanoso og noko av Englafjell i bakgrunnen.

Geilo 14 med hus og stor tomt ligg ute for sal på finn.no. Det er endå eit hus teikna av Tor H. Myklebust som med dette kan få ny eigar. Huset som Uskedalen.no skreiv om ved Kleivadalssvingen, er alt seld. No gjeld det ein einebustad sentralt i Uskedalen med kort gangavstand til alle sentrumsnære tenestetilbod. Det er vakker utsikt både til sjø og fjella rundt.

Huset med gateadresse Geilo 14 er bygd i 1965, har eit bruksareal på heile 183 rutemeter. Huset går over 3 etasjar og har ei buflate på 151 rutemeter. I 1. høgda er det to stover, kjøkken, bad, toalett, gang og soverom. I 2. høgda finn du fire soverom. På kjellarplan er det mellom anna bodar og badstove.

Geilo, Nausthaugen, Kråkehaugen og Neset er den mest sentrale plassen du finn i Uskedalen. Det er kort avstand til skule/barnehage, aktivitetshus, grøntgrasbane med aktivitetspark, butikkar, camping, båthamner og andre sentrumsfunksjonar. Huset er vestvendt og plassen er solrik.

Det er også kort veg til utmark og fjell med merka turvegane og stiar.

Prisen er sett til 2,1 millionar kr.

Meir informasjon på Finn.no, kode 199470173.

Visning etter avtale. Kontakt Kjell Yri på mobil 488 93 150.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kjell Yri